
Fagkurs i samfunnsentreprenørskap - i Hyllestad hausten 2015

Har du ein idé, ein draum for ditt lokalsamfunn som du ynskjer å realisera? Ynskjer du kunnskap og verktøy rundt korleis du kan styrka lokalsamfunnet? Då kan fagkurs i samfunnsentreprenørskap vera noko for deg. Kurset vert leia av Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling, er gratis, gir 10 studiepoeng, og alle samlingane vert i Hyllestad.

Dette høgskulekurset gjev skreddarsydd og praktisk kunnskap om effektivt lokalt utviklingsarbeid.

Sentrale tema er:

- Kva resursar har vi og korleis nyttar vi dei?
- Korleis arbeider vi med lokal mobilisering og medverknad?
- Korleis kan vi styrke samarbeid og felles forståing på tvers av interessegrupper?
- Kva rolle kan kommunen spela i lokale utviklingstiltak?

Kurset er ope for alle - og målgruppa er særleg tilsette i kommunen, politikarar, representantar frå frivillig sektor, eldsjeler/initiativtakarar til lokale utviklingsprosjekt og representantar frå lokalt næringsliv.

Kurset har to samlingar hausten 2015 og to samlingar vinter/vår 2016

1. samling: 28. - 29. sept.

2. samling: 30. nov – 1. des

3. samling: 1. og 2. februar 2016

Eksamenssamling: 7. og 8. mars 2016

Påmelding til Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling:

Søknadsskjema finn du her: <http://hlb.no/til-studentane/soknadsskjema>. Søknadsfrist er 15. september 2015, men ver gjerne rask med påmelding, ettersom det er avgrensa plass på kurset.

Arrangørarar er Sogn og Fjordane fylkeskommune, Hyllestad kommune og Innovasjon Norge.

Kontaktperson:

Elisabeth Veivåg Helseth, Omstillingsorganisasjonen i Hyllestad kommune

Tlf.: 92 28 40 41, e-post: elisabeth.veivag.helseth@hyllestad.kommune.no